

Til representantskapsmøtet

Saksnr.: 1c/2022
Dato: 15. november 2022

Godkjenning av forretningsorden

Taletida for innleiarar er ikkje avgrensa. Taletida elles er tre minutt. Alle som bed om ordet må tale frå den faste talarstolen. Ein teiknar seg til talelista gjennom møtesystemet (GoPlenum). Når eit forslag blir levert, blir forslagsstillaren satt opp på talelista. Forslag skal fremjast frå talarstolen.

Det er høve til å be om replikk. Ein replikk er ein kort kommentar, inntil eitt minutt, til siste debattinnlegg. Det er høve til å gi to replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til å gi svarreplikk.

Forslag i saker leverast i møtesystemet (GoPlenum).

Alle forslag skal vere leverte og kunngjorde før strek vert satt. Forslag som ikkje er levert eller framsett før det er satt strek, vert ikkje handsama.

Viss det er fleire forslag til vedtak, skal ordstyrarane foreslå rekkefølge for avstemminga.

Alle delegatar har røysteplikt og plikt til å delta i alle forhandlingar.

Forretningsordenen blir vedtatt med simpelt fleirtal. Endringar i den forretningsordenen som er vedtatt må ha 2/3 fleirtal.

Innlegg utanom sakslista blir ikkje godtatt.

Styret rår representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Forslag til forretningsorden for representantskapsmøtet 5. desember 2022 vert godkjent.

Unio



Ragnhild Lied
leiar

Saksbehandlar: Jon Olav Bjergene